



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Driftsstyret  
**Møtestad:** 119, Volda omsorgssenter  
**Dato:** 10.02.2016  
**Tid:** 13:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.



## SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>	<b>Arkivkode</b>
PS 6/16	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>	
PS 7/16	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>	
PS 8/16	<b>Voldaprojektet - forskning på psykisk helse i barnehagane i Volda kommune</b>	085
PS 9/16	<b>Statleg ordning med auka lærartettleik i 1. - 4. klasse</b>	A29
PS 10/16	<b>Arbeid med utarbeiding av oppvekstplan</b>	033
	<b>Orienteringssak</b>	
OS 6/16	<b>Krisesenter 2015 og økonomiske konsekvensar</b>	H43
OS 7/16	<b>Overgrepsmottaket 2015</b>	G00

PS 6/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 7/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Bodil Brautaset	Arkivsak nr.:	2013/885
		Arkivkode:	085

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
8/16	Driftsstyret	10.02.2016

### **VOLDAPROSJEKTET - FORSKING PÅ PSYKISK HELSE I BARNEHAGANE I VOLDA KOMMUNE**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Driftsstyret går inn for at ein person frå politisk nivå (folkevalde) tek del i styringsgruppa i Voldaprojektet.*

*Den som på politisk nivå er peika ut av driftsstyret er:*

1. \_\_\_\_\_

#### **Vedleggsliste:**

1. Avtale - Volda kommune og RKBU/NTNU

#### **Samandrag av saka:**

Voldaprojektet er ein del av forskingsprosjektet ”Barn i Midt-Norge”. Prosjektet har fokus på psykisk helse hos barn som går i barnehage, og er eit samarbeid mellom Volda kommune og Regionalt kunnskapssenter for barn og unge- psykisk helsevern og barnevern (RKBU) Midt-Norge ved NTNU.

Det er viktig å forankre prosjektet politisk og administrativt i kommunen. Styringsgruppa har det overordna ansvaret for prosjektet. Dei som er med i styringsgruppa er leiar i RKBU, rådmann, oppvekstsjef, fagkonsulent barnehage, prosjektmedarbeidar og ein politisk vald representant. Gruppa har eitt møte i året. Håvard Strand har vore politisk vald representant sidan 2013, men sidan han ikkje lengre er politisk vald representant i kommunen, så må ein annan representant veljast.

I tillegg til styringsgruppa er det oppretta ei prosjektgruppe. I prosjektgruppa sit det representantar frå RKBU/NTNU, opplæring og oppvekst, barnevernet, to styrarar og to pedagogar.

Målet med prosjektet:

1. Heve kompetansen hos personalet
2. Evaluere for å sjå effekten av kompetansehevinga
3. Få meir kunnskap om psykisk helse hos barn som går i barnehage

### **Saksopplysningar:**

Voldaprojektet er ein del av forskingsprosjektet ”Barn i Midt-Norge” som vart starta opp i 2011 og vert avslutta i 2017.

Dei kommunane som tek del i prosjektet er:

- Steinkjer kommune frå Nord-Trøndelag – oppstart 2011
- Klæbu kommune frå Sør-Trøndelag – oppstart 2012
- Volda kommune – oppstart 2013. Alle barnehagane i Volda kommune er med i prosjektet.

Gjennom prosjektet vil ein:

1. Heve kompetansen hos personalet:

Dei tilsette har fått tatt del i ein kompetansehevingspakke med 11 ulike tema. I tillegg vil dei tilsette få opplæring i to observasjonsmetodar. Opplæringa er primært for pedagogane, men vi har prioritert at alle tilsette i barnehagane som arbeider med barn har fått tatt del i deler av opplæringa. Det pedagogisk personalet i barnehagane fekk høve til å ta eksamen i studiet *Førskulebarn i risiko* (7.5 studiepoeng) i januar 2015.

2. Forsking:

Forskingsdelen vert gjennomført av RKBU Midt-Norge. Ein vil samle inn data frå foreldra og pedagogisk personale ved hjelp av elektronisk spørjeskjema. Foreldra må gi sitt samtykke for at barnet/foreldra kan ta del i prosjektet.

Informasjonen som kjem inn vert nytta til:

- få meir kunnskap om psykisk helse
- evaluere effekten av kompetansehevingspakken – sjå om personalet faktisk blir betre i stand til å finne dei barna som treng ulike former for hjelp

Forskningsprosjektet ”Barn i Midt-Norge” vil bli den første norske undersøkinga der ein har fokus på relasjon mellom barn og tilsette i barnehagen. Som ein del av forskingsprosjektet vil Voldaprojektet vere ein viktig bidragsytar for å skaffe ny kunnskap om psykisk helse hos barn i barnehagen.

### **Vurdering og konklusjon:**

Administrasjonen rår til at ein ny politisk vald representant blir med i styringsgruppa då Håvard Strand ikkje lengre er politisk vald representant i kommunen. Det er viktig at dei folkevalde får kjennskap til barnehagen som pedagogisk verksemd. Gjennom deltaking i styringsgruppa vil ein tileigne seg kunnskap om barnehagen som pedagogisk verksemd og få meir kunnskap om barn si psykiske helse i barnehagealder.

**Økonomiske konsekvensar:**


Voldaprojektet fekk gjennom avtalen med RKBU/NTNU:

- dekt utgiftene til ein prosjektkoordinator i 20 % stilling, frå mai 2013 til mai 2014
- tildelt kr. 400 000,- frå RKBU/NTNU til dekning av utgifter til forskingsdelen av prosjektet

Volda kommune og barnehagane må i tillegg vere budde på at ein i prosjektperioden må prioritere kompetansemidlar/eigne midlar for å kunne gjennomføre prosjektet på ein god måte.


Per Ivar Kongsvik  
oppvekstsjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**



## Prosjekt: Kompetanseheving av ansatte i barnehagene i Volda kommune

1. Kontraktspartnerne er: Volda kommune og RKBU/NTNU. Kontrakten er skrevet i to eksemplarer som er undertegnet av begge parter.
2. Kontrakten omhandler normering av C-TRF, følgeforskning med bruk av ulike måleinstrumenter og kompetanseheving av pedagogisk personell i alle barnehagene i Volda kommune.
3. Kontraktperiode: Mai 2013 – Mai 2017.
4. RKBU forplikter seg til følgende:
  - \* Etter avtale bistå med faglig personell i opplæringen av pedagogisk personell i barnehagene samt kvalitetssikre hele opplæringen.
  - \* Gjennomføre den forskningsmessige delen av prosjektet iht god forskningspraksis.
  - \* Finansiering; RKBU bistår med inntil kr. 400.000 til prosjektet til dekning av medgått tid for personale ifm forskningsdelen av prosjektet (utfylling av skjema), samt dekning av en 20% stilling lokalt i kommunen i 12 mnd (Tiltredelse avtales mellom NTNU og aktuell kandidat) som skal bistå RKBU med den praktiske gjennomføringen av prosjektet. (Utbetales i 2013)
  - \* Stille til rådighet medarbeidere for styringsgruppe og prosjektgruppe.
5. Volda kommune forplikter seg til følgende:
  - \* Oppnevne medlemmer til styringsgruppe og prosjektgruppe.
  - \* Gjennomføre prosjektet iht vedtatte planer og design, og bidra til høy intern deltakelse.
  - \* Bistå RKBU med innhenting av data til forskningsdelen av prosjektet.
  - \* Finansiering; bistå med egne ressurser slik at prosjektet går som planlagt.
  - \* Sikre bruk av egne fagressurser til opplæringen av pedagogisk personell i barnehagene.
6. Kontrakten er uoppsigelig i kontraktperioden, men opphører uten annen varsel 31/12-2017 dersom ikke annet blir avtalt.

  
Rune Sjørgard

rådmann


Volda kommune



Odd Sverre Westbye

senterleder

RBUP/NTNU

 VOLDA KOMMUNE			
Saksnr.	2013/792	Avd.	BH6
Løpenr.		Shs.	BB
19 APR 2013			
Arkivdel:	Kontor		
Klassering P:	RKBU/NTNU		
Klassering S:			



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Per Ivar Kongsvik	Arkivsak nr.:	2016/182
		Arkivkode:	A29

---

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
9/16	Driftsstyret	10.02.2016
	Kommunestyret	25.02.2016

### STATLEG ORDNING MED AUKA LÆRARTETTLEIK I 1. - 4. KLASSE

#### Administrasjonen si tilråding:

*Kommunestyret tek til vitende at Volda kommune ikkje er kvalifisert til den statlege ordninga med auka lærartettleik i 1. – 4. klasse.*

#### Vedleggsliste:

1. Oversikt over kommunar som får ta del i ordninga med auka lærartettleik i 1. – 4. klasse

#### Samandrag av saka:

I samband med årsbudsjettet for 2016 gjorde kommunestyret mellom anna følgjande vedtak:

*Kommunestyret ber rådmannen sjå på styrking av lærartettleik i 1. – 4. klasse. Dette er det auka løyvingar til frå Stortinget i 2016. Dette med tanke på tidleg innsats i skulen.*

#### Saksopplysningar:

[I budsjettforliket 2015](#) vedtok samarbeidspartia KrF, Venstre, FrP og Høgre å løyve 200 millionar kroner til fleire lærarar for dei yngste elevane. Midlane skulle fordelast mellom dei kommunane med flest elevar per lærar i 1. – 4. klasse.

Midlane vart øyremerka og gitt til dei kommunane som har fleire elevar per lærar på 1. – 4. steg enn landssnittet. Det vart teke utgangspunkt i gjennomsnittet for skuleåra 12/13, 13/14 og 14/15.



Landssnittet for 1. – 4. steg er rett under 16 elevar per lærar. [Hundre kommunar](#) ligg over dette snittet. Volda kommune er ikkje mellom desse.

I følgje Kostra er snittet for Volda kommune dei same skuleåra 11,4.

Mellom dei kommunane som ordninga kjem til gode finn vi Ulstein og Hareid. Begge desse kommunane sin geografi og prioriteringar gjer at det er samla fleire elevar i skulane og klassene. Dette bidreg til ei meir kostnadseffektiv skuledrift. Det gjer også at desse kommunane i den statlege ordninga vert tildelt midlar for å auka lærartettleiken mellom dei yngste elevane. Ulstein kommune har i snitt 205 elevar fordelte på fire barneskular, medan Volda kommune i snitt har 114 elevar fordelte på sju barneskular.

Av ei samla løyving på kr 360 000 000,- vert til dømes Oslo kommune tildelt i overkant av kr 54 000 000,-, medan Ulstein kommune mottok kr 1 034 789,-

Volda kommune sin geografi og prioriteringar gjer at skulestrukturen er desentralisert med fleire mindre einingar. Dei minste einingane dreg ned snittet for lærartettleik, og Volda er ikkje nær å dra nytte av den statlege ordninga med auka lærartettleik. Samstundes har Volda kommune nokre einingar der klassene er fulle, og der det er langt fleire enn 16 elevar pr lærar. I dette lyset er ordninga urettvis.

Ordninga skildra over kjem i tillegg til den lovfesta styrkinga på 1. – 4. steg. Med verknad frå 01.08.2009, kom det endringar i opplæringslova. I § 1-3 heiter det mellom anna:

*På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørge for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik, og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.*

I Volda kommune vert det kvart skuleår sett av 80 lærartimar per veke til tidleg innsats i 1. – 4. klasse, noko som tilsvarar om lag 3,2 lærarårsverk. Midlane vert rekna ut og tildelt etter talet på elevar i 1. – 4. klasse på den enkelte skule. Ressursen skal som lova seier rettast mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning. Det er opp til rektor å organisere bruken av midlane.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Den statlege ordninga med auka lærartettleik i 1. – 4. klasse som kommunestyret ber rådmannen sjå på, kjem ikkje Volda kommune til gode. Volda kommune har fleire mindre skular som medverkar til at det er færre enn 16 elevar per lærar i 1. – 4. klasse. Volda kommune er av den grunn ikkje kvalifisert til å verte omfatta av ordninga.

Volda kommune oppfyller den lovpålagde auken i lærartettleik i 1. – 4. klasse, jfr opplæringslova § 1-3.

Rune Sjurgard  
rådmann

Per Ivar Kongsvik  
oppvekstsjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Navn	Elevtall i kommunen,	
	snitt3år	Bevilgning
Oppegård	1450	3 292 856
Oslo	25644	58 236 619
Ski	1724	3 914 335
Hvaler	181	411 039
Hareid	239	543 510
Stord	975	2 213 405
Fet	597	1 354 991
Bærum	6447	14 640 719
Sørum	974	2 212 648
Lørenskog	1751	3 975 651
Frogn	770	1 749 377
Ullensaker	1874	4 256 490
Drammen	3126	7 098 943
Ålesund	2194	4 983 189
Mandal	850	1 930 295
Kristiansand	4135	9 389 560
Os	1102	2 501 814
Røyken	1139	2 586 595
Svelvik	304	691 121
Nedre Eiker	1253	2 844 725
Tønsberg	1833	4 163 381
Elverum	993	2 254 282
Strand	704	1 599 495
Nittedal	1266	2 875 004
Øvre Eiker	880	1 999 180
Larvik	1950	4 427 567
Rælingen	877	1 991 610
Lier	1362	3 093 014
Holmestrand	412	936 382
Enebakk	614	1 394 354
Sauherad	176	398 928
Spydeberg	269	611 639
Tromsø	3455	7 846 081
Haugesund	1679	3 812 900
Askøy	1652	3 751 585
Molde	1167	2 649 424
Nesodden	904	2 053 682
Hamar	1229	2 790 222
Søgne	543	1 233 875
Bergen	11829	26 862 892
Grimstad	1129	2 564 643
Stavanger	6017	13 664 974
Nøtterøy	1003	2 276 991
Ulstein	456	1 034 789
Porsgrunn	1541	3 499 511
Trondheim	8026	18 225 769
Gjerdrum	348	791 042
Vegårshei	115	261 915

Bø	276	626 778
Kragerø	428	972 717
Bamble	646	1 467 024
Re	466	1 058 256
Skiptvet	201	456 458
Asker	3180	7 220 817
Sandefjord	2058	4 674 342
Horten	1174	2 666 835
Gol	224	508 689
Halden	1383	3 139 946
Løten	316	718 372
Nes	928	2 107 428
Leksvik	179	405 740
Skien	2335	5 301 877
Fredrikstad	3558	8 079 230
Sarpsborg	2503	5 683 394
Sula	484	1 099 133
Arendal	1988	4 515 376
Hof	165	373 947
Lyngdal	440	999 968
Eidsvoll	1166	2 647 153
Skaun	448	1 018 136
Vestby	906	2 057 467
Askim	748	1 699 416
Harstad	1101	2 499 543
Lunner	459	1 043 116
Nannestad	658	1 493 518
Farsund	474	1 075 666
Moss	1392	3 161 142
Samnanger	114	258 130
Malvik	738	1 676 707
Skedsmo	2624	5 958 177
Modum	615	1 395 868
Verdal	748	1 697 903
Sandnes	3825	8 686 327
Hole	318	722 157
Levanger	955	2 168 743
Råde	334	759 249
Lindesnes	236	536 698
Time	958	2 174 799
Nore og Uvdal	105	238 448
Lillehammer	1160	2 635 042
Sande	498	1 131 683
Orkdal	599	1 359 533
Bjugn	211	478 410
Levik	602	1 366 346
Klæbu	384	872 039
Hurum	389	883 394
Rakkestad	372	844 031
Ås	910	2 066 551

Stjørdal	1165	2 645 639
Kongsberg	1224	2 779 625
		360 000 000
TOTALT ELEVTALL:	158 525	
Bevilgning	360 000 000	
Sum per elev	2 271	



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Vibeke Berge

Arkivsak nr.: 2015/2384

Arkivkode: 033

---

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

10/16

Driftsstyret

10.02.2016

### ARBEID MED UTARBEIDING AV OPPVEKSTPLAN

#### Administrasjonen si tilråding:

- 1. Driftsstyret ber administrasjonen legge til rette for at alle tilsette i sektor for opplæring og oppvekst får høve til å nytte arbeidsheftet til å kome med innspel i det vidare arbeidet med oppvekstplanen.**
- 2. Driftsstyret vil kome med skriftleg tilbakemelding på arbeidsheftet til oppvekstsjefen innan 15. april 2016.**
- 3. Registrering av korleis born beveger seg i relasjon til skule- og fritidsaktivitetar i Volda sentrum, kalla *Barnetråkk*, vert ikkje ein del av oppvekstplanen. Driftsstyret føreset at slik registrering vert gjort i samband med kommuneplanen sin arealdel når kommunen er Feide-godkjent.**

#### Vedleggsliste:

Arbeidshefte. Innspel til oppvekstplanen frå driftsstyret og alle einingane i sektoren.

#### Samandrag av saka:

Driftsstyret hadde i møte 02.12.15 oppe sak 40/15 Oppstart av arbeid med oppvekstplan. Vedtak i driftsstyret lyd slik:

*1. Driftsstyret tek til vitende orienteringa om det førebuande arbeidet med ein oppvekstplan.*

*2. Administrasjonen vert beden om å legge til rette for at driftsstyret får ta aktivt del i det vidare arbeidet med oppvekstplanen. Driftsstyret ber administrasjonen om å kome attende til organisering av arbeidet med oppvekstplanen og utarbeide eit arbeidsdokument til bruk i den vidare prosessen.*

*3. Driftsstyret ber administrasjonen å utgreie korleis born beveger seg i Volda sentrum i relasjon til skule og fritidsaktiviteter, såkalt barnetråkk. Dette for å kartlegge trafikktryggleik som del av oppvekstplanen.*

### **Saksopplysningar:**

Administrasjonen har utarbeidd eit arbeidshefte som ein ønskjer skal utfordre driftsstyret og alle tilsette i sektoren til å kome med innspel om sektor for opplæring og oppvekst sine tenester. Innspela vert viktige i det vidare arbeidet med utarbeiding av oppvekstplan.

Barnetråkk er ein metode for medverknad og dokumentasjon av barn og unge sin arealbruk. Barnetråkkregistreringar gir direkte kunnskap om korleis barn og unge brukar nærmiljøet sitt, kvar dei beveger seg dagleg og kva for stadar dei unngår. Metoden føreset at kommunen er Feide-godkjent, noko Volda kommune ikkje er per i dag.

I følge Plan- og bygningslova har kommunane eit særskilt ansvar for medverknad frå dei yngste. Det er vaksne fagfolk som arbeider med arealplanlegging i kommunen, og vaksne politikarar som vedtek planane. Dei fleste planane har konsekvensar for barn og unge. Det er kommuneplanleggarane sitt ansvar å synleggjere dette.

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/MD/Bilder/Planlegging/Veiledere/barn/barnetrakk\\_2010.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/MD/Bilder/Planlegging/Veiledere/barn/barnetrakk_2010.pdf)

<http://barnetrakk.no/>

### **Vurdering og konklusjon:**

Oppvekstsjefen rår til at driftsstyret og alle tilsette i sektor for opplæring og oppvekst får høve til å nytte arbeidsheftet til å kome med innspel i det vidare arbeidet med oppvekstplanen. Oppvekstsjefen rår vidare til at registrering av korleis born beveger seg i relasjon til skule- og fritidsaktivitetar, kalla Barnetråkk, ikkje vert ein del av oppvekstplanen, men at slik registrering vert gjort i samband med kommuneplanen sin arealdel når kommunen er Feide-godkjent.

Per Ivar Kongsvik  
oppvekstsjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**  
Opplæring og oppvekst



Volda kommune

# Arbeidshefte

*Innspel til oppvekstplanen frå driftsstyret  
og alle einingane i sektoren*

Opplæring og oppvekst  
Våren 2016



## Innhald

Om oppvekstplanen .....	2
Om arbeidsheftet .....	2
Fokusområde .....	3
Visjon og verdiar .....	4
Fokusområde 1: Samhandling .....	6
Fokusområde 2: Kompetansebygging .....	7
Fokusområde 3: Førebygging .....	8
Fokusområde 4: Kvalitetsstyring .....	10
Fokusområde 5: IKT .....	12



## Om oppvekstplanen

Planprogrammet til samfunnsdelen av kommuneplanen lister opp planar, rapportar og utgreiingar som kan verte aktuelle å lage, og nemner her oppvekstplan. I sektor for opplæring og oppvekst sitt målkart 2016 er eitt av måla å utarbeide oppvekstplan for sektoren.

Ein ser for seg eit grunnlagsdokument som seier noko om tenestene vi yter for barn og unge i Volda. Dette vil fungere som ein felles plattform for heile sektoren med blant anna ein visjon, verdjar, mål og nokre overordna tiltak.

På leiarsamling for sektoren i september 2015, brukte leiarane SWOT som analysereiskap til å identifisere styrker, svakheiter, moglegheiter og truslar for sektoren. Med utgangspunkt i denne SWOT-analysen såg ein konturar av mulege felles målsetjingar for sektoren, og det peika seg ut nokre fokusområde ein ser at sektoren bør arbeide for å vidareutvikle og kvalitetssikre. Det er hensiktsmessig å bruke resultatane frå leiarane si SWOT-analyse som ein bakgrunn for vidare arbeid med oppvekstplanen.

Ein ønskjer vidare at alle nivå i sektoren får vere med å uttale seg i arbeidet med å utarbeide oppvekstplanen.

## Om arbeidsheftet

Driftsstyret gjorde i møte 02.12.15 bl.a. følgjande vedtak:

*Administrasjonen vert beden om å legge til rette for at driftsstyret får ta aktivt del i det vidare arbeidet med oppvekstplanen. Driftsstyret ber administrasjonen om å kome attende til organisering av arbeidet med oppvekstplanen og utarbeide eit arbeidsdokument til bruk i den vidare prosessen.*

Administrasjonen har derfor utarbeidd dette arbeidsheftet og håper at det vil utfordre driftsstyret og alle tilsette i sektoren til å kome med innspel om Opplæring og oppvekst sine tenester. Innspela vert viktige i det vidare arbeidet med utarbeiding av oppvekstplan.

Ved å sende inn svar på spørsmål i dette arbeidsheftet vil ein bidra med sine tankar og meiningar om dei ulike fokusområda. Ein treng ikkje svare på alt for å kunne sende inn innspel. Sjølv om de berre har nokre få ord, er det verdt mykje. Det er også høve til å kome med tankar om andre emne innafor Opplæring og oppvekst enn dei som kjem fram i arbeidsheftet.

Alle innspela skal sendast til [vibeke.berge@volda.kommune.no](mailto:vibeke.berge@volda.kommune.no).

## Fokusområde

I forarbeidet med oppvekstplanen har vi følgjande fem fokusområde:

1. Samhandling
2. Kompetansebygging
3. Førebygging
4. Kvalitetsstyring
5. IKT

I tillegg til at desse fem fokusområda får eit kapittel kvar i arbeidsheftet, vil også visjon og verdiar få eit kapittel.

## Visjon og verdiar

*Verdiar* seier noko om det som er viktig for deg som enkeltperson, eller for bedrifta eller organisasjonen du er ein del av.

Omgrepet *visjon* fortel noko om ein framtidsdraum, eit hovudmål eller eit langtidsmål og kan fungere som ei ledestjerne.

*Drivkraften i den rette visjon gir mennesker energi og hengivenhet, skaper mening i medarbeidernes liv, setter mål for kvalitet og bygger bro mellom nåtid og fremtid.*

- Burt Nanus -

Ein visjon kan vere eit mentalt bilde av ein framtidig ønska situasjon, fleire år fram i tid, eller eventuelt det målet som settast lengst fram i tid.

*Vi skal sende en mann til månen og bringe ham tilbake til jorden i live, før dette tiårets slutt.*

- John F. Kennedy (1961)-

Oppvekstplanen skal hjelpe oss til å tenke og handle heilskapleg for å nå måla våre. Men då treng han ei «overskrift», ein visjon, som definerer kvar og kva vi ønskjer å vere og gjere i framtida. Visjonen bør spegle eit optimistisk syn på framtida vår og kva vi ønskjer å oppnå. Han skal vere ei inspirasjonskjelde for alle som jobbar i sektoren - og også for brukarane våre.

Oppdraget vårt, dei lovpålagte oppgåvene, og måla som er nedfelt i rammeplanar, læreplanar og andre forskrifter, styrer oss. Dei seier kva vi MÅ gjere. Visjonen vår kan derimot trekke fram det overordna målet vårt, og teikne opp ein kurs for oss.

Ein god visjon er ein nyttig og nødvendig vegvisar. Ein god visjon gir oss ei klart definert retning som minner oss om kva vi vil, kvar vi skal og korleis vi kan kome dit. Og ikkje minst: Kva den enkelte av oss kan bidra med – i staden for å vente på at «nokon andre» skal gjere det vi håper. Alternativet er ofte stillstand.

Ein god visjon må vere gjennomførbar, truverdig og realistisk. Vi må oppleve at vi maktar det han oppfordrar oss til, at det er verdt det, at det nyttar.

Ein god visjon klarer å samkøyre optimismen med realismen.

***Døme på visjonar:***

Norwegian	Alle skal ha råd til å fly
Posten Norge	Verdens mest framtidsrettede post- og logistikkonsern
Redd Barna	En verden der alle barns rett til overlevelse, beskyttelse, utvikling og deltakelse er innfridd
Statoil	Vi skal fortsatt flytte grenser (Crossing energy frontiers)
Hurtigruta	Verdensledende på oppdagelsesreiser
Telenor	Telenor er til for å gi kundene fullt utbytte av kommunikasjonstjenester i dagliglivet. Vi er her for å hjelpe deg.
Aker Solutions	To be the preferred partner for solutions in the oil and gas industry through living our values

Ein visjon bør vere kort, og kan gjerne ha nokre av desse kjenneteikna:

- Gir energi og arbeidsglede
- Appellerer til intuisjon og rasjonalitet
- Peiker ut retning – kvar skal vi?
- Er eit samlingsmerke
- Er ein grunn til å gå på arbeid kvar dag – gir meining
- Er barrierebrytande

***Noko å svare på:***

- **Kva for haldningar og indre innstillingar driv oss i Opplæring og oppvekst?**
- **Kva for verdiar vil vi ta vare på og forsterke?**
- **Kva for verdiar vil vi innføre?**
- **Har du ein idé om kva slags visjon som vil trigge deg i ditt arbeid?**
- **Kva for aktuelle stikkord kan passe inn i ein visjon for Opplæring og oppvekst?**

***Det er flott om du kjem med andre tankar/meiningar/spørsmål/kommentarar!***

## Fokusområde 1: Samhandling

- innafor kvar enkelt eining
- innafor sektoren
- med andre sektorar
- med politisk nivå
- med heimane
- med eksterne samarbeidspartar

*Samarbeid* er å arbeide aleine ilag med andre for å løyse ei konkret oppgåve. Arbeidsoppgåvene er fordelte mellom deltakarane, og kvar person er forplikta og ansvarleg for sin del av oppgåva for å oppnå eit felles mål.

*Samhandling* er å arbeide ilag med andre. Omgrepet vert ofte brukt om koordinering og gjennomføring av aktivitetar i ein prosess der ingen enkeltperson eller institusjon har totalansvar for prosessen, til dømes å lande eit fly. Samhandling handlar altså om den gjensidige relasjonelle deltakinga og engasjementet i den kontinuerlige dialogen mellom personane som arbeider saman for å oppnå eit felles mål.

Personar kan samarbeide utan at der er samhandling. Ein tek ikkje avgjersler saman, men kvar for seg. Ein fordeler arbeidsoppgåver og utfører dei aleine. Ein lagar avtalar, men gjer arbeidet kvar for seg.

Samhandling inneber gjensidig forståing og tilpassing mellom eigne og andre fagfolk sine arbeidsoppgåver. Formålet med å handle saman er å sikre flyt i arbeidsprosessane slik at brukarane opplever samanheng i tenester og tiltak. Denne samhandlinga baserer seg på tillit, gjensidigheit og likeverd, samt ei felles forståing om kva det skal samhandlast om og kvifor.

I Opplæring og oppvekst har vi sett stor framgang på både samarbeid og samhandling etter at fleire avdelingar vart slått saman til ein sektor. Samtidig ser vi stadig fleire område der det er samhandlingspotensiale.

### ***Noko å svare på:***

- **Kva for samhandlingsarenaer har vi i dag som vi bør ivareta?**
- **Kva er dei største utfordringane våre når det gjeld samhandling i dag?**
  - o innafor kvar enkelt eining
  - o innafor sektoren
  - o med andre sektorar
  - o med politisk nivå
  - o med heimane
  - o med eksterne samarbeidspartar
- **Kva er dei største potensiala for samhandling som vi bør ta tak i?**

***Det er flott om du kjem med andre tankar/meiningar/spørsmål/kommentarar!***

## Fokusområde 2: Kompetansebygging

- til beste for det enkelte barnet
- for framtida
- med eit kollektivt blikk

Opplæring og oppvekst har god fagkompetanse til å møte barn og unge sine oppvekstvilkår i dag og vi er opptekne av å ha rett kompetanse på rett stad til rett tid, noko som er viktig for det enkelte barn. Å ha detaljert kompetanseoversikt og å planlegge godt er avgjerande for at vi framleis skal klare å vere der vi vil i høve til kompetanse.

Vi har gode erfaringar med nettverksarbeid på mange område, der noko av suksessen ligg i det å dele erfaringar og lære av kvarandre. Siste åra har arbeidsplassbasert kompetanseutvikling vore prøvd ut i stor grad i skular og barnehagar. Kvar enkelt tilsett vert utfordra til å sjå på eigen praksis, gjere undersøkingar og dele erfaringane sine med andre undervegs. Slik utviklar og forbetrar vi eigen praksis. Vi ønskjer å utvikle denne modellen vidare og integrere han i alle avdelingar og einingar.

### ***Noko å svare på:***

- **Korleis nytte den kompetansen vi har på best mogleg måte?**
- **Kva for type kompetanse treng vi i framtida**
  - o på helsestasjonen
  - o i barnehagane
  - o i skulane
  - o i kulturskulen
  - o på læringscenteret
- **Korleis sikre at alle tilsette har god relevant kompetanse m.o.t egne arbeidsoppgåver?**
- **Korleis kan ein utvikle og betre delingskulturen vår**
  - o innafor kvar enkelt eining
  - o innafor sektoren
  - o med andre sektorar
  - o med politisk nivå
  - o med heimane
  - o med eksterne samarbeidspartar

***Det er flott om du kjem med andre tankar/meiningar/spørsmål/kommentarar!***

### Fokusområde 3: Førebygging

- Tidleg innsats
  - o i svangerskapsomsorga og helsestasjonstenesta
  - o i barnehagen
  - o i skulen
- Bruke universalførebyggande program
- Sikre alle overgangar

Opplæring og oppvekst ønskjer å vere ei førebyggande og helsefremjande teneste der ein har fokus på tidleg innsats på alle område.

Med *tidleg innsats* meiner vi at barn, unge og deira familiar skal få rett hjelp til rett tid, på rett stad, og så tidleg som mogleg. Med det meiner vi så tidleg som mogleg i barnet si utvikling, men også så tidleg som mogleg når hendingar og/eller vanskar oppstår, uavhengig av alder.

Tidleg innsats inneber førebyggande arbeid i tenestetilboda, og at adekvat hjelp vert gitt før vanskar vert komplekse og fastlåste.

Opplæring og oppvekst har slik strategi for tidleg innsats:

- o Universalførebyggande tiltak for **alle** barn og føresette for å hindre at vanskar oppstår.
- o Selektive tiltak for barn og føresette med risiko for å utvikle vanskar.
- o Indikative tiltak for barn og føresette med behov for særskilte tiltak.

Alle barn skal gjennom fleire omfattande overgangsprosessar i løpet av barne- og ungdomstida. Ved barnehagestart, ved skulestart, mellom ulike barnehagar, skular og mellom ulike skuleslag. Forsking viser at alle slike overgangar kan påverke sjølvbilete og seinare livskompetanse. Det er derfor viktig at alle overgangar vert opplevd som gode for både barn og føresette. Opplæring og oppvekst jobbar for å gjere desse overgangane så gode som mogleg for alle barn og unge i Volda.

#### **Noko å svare på:**

- **Kva er vi gode på når det gjeld førebygging i Volda?**
- **Kva er vi gode på når det gjeld helsefremjande arbeid i Volda?**
- **Kva er dei største utfordringane våre når det gjeld førebygging?**
- **Kva er dei største utfordringane våre når det gjeld helsefremjande arbeid?**
- **Korleis sikre at ein oppdagar barn med spesielle utfordringar tidsnok til å kunne sette i gang hjelpetiltak som verkar/er til nytte?**

- **Kva er kjenneteikn på eit godt tverrfagleg samarbeid?**
- **Kva betyr ordet meistring for deg?**
- **Korleis sikre gode overgangar**
  - **ved barnehagestart**
  - **mellom ulike barnehagar**
  - **mellom barnehage og skule**
  - **mellom ulike skular**
  - **mellom ulike skuleslag**

*Det er flott om du kjem med andre tankar/meiningar/spørsmål/kommentarar!*



## Fokusområde 4: Kvalitetsstyring

- Kvalitetssikring
- Felles system og rutinar som fører til kvalitetsforbetring og kvalitetsutvikling
- Kvalitetsvurdering

*Kvalitetssikring* er planlagde og systematiske aktivitetar som vert gjort for å sikre seg at eit produkt eller ei teneste vil oppfylle krava til kvalitet. Kvalitetssikring er ein del av *kvalitetsstyringa* til ein organisasjon. Prinsippa for kvalitetsstyring er at alle skal ha ansvar for kvalitet i eige arbeid, men leiinga har ansvar for at verksemda har eit fungerande kvalitetssystem, at kvaliteten er under kontroll og at det er kontinuerlig fokus på kvalitetsforbetring.

*Kvalitetssystemet* i Opplæring og oppvekst er Kvalitetslosen der ein finn alle rutinane i sektoren vår. Alle tilsette bør ha god kjennskap til Kvalitetslosen og bruke han aktivt. Gode felles system og rutinar er med på å sikre lik og rett praksis i alle einingar, og dessutan er dei med på å gi betre kvalitet på samarbeid og samhandling mellom dei ulike einingane i sektoren. Kvalitetssystemet er viktig for å ha kontroll på kvaliteten på tenestene våre, men utan fokus på kvalitetsforbetring har rutinane i seg sjølve avgrensa verdi.

Opplæring og oppvekst ønskjer å stadig utvikle og forbetre kvaliteten på tenestene, å stadig bli betre. Derfor er det viktig at vi også har eit system for *kvalitetsvurdering*.

Opplæring og oppvekst ønskjer å ha god dialog mellom brukarar, tilsette og eigar for å vurdere kvaliteten på tenestene. Både barnehage og skule har nasjonale kvalitetsvurderingssystem som gir einingane høve til å gjere konkrete vurderingar av kvaliteten i eiga eining gjennom bl.a. ståstadsanalyse og brukarundersøkingar.

### ***Noko å svare på:***

- **Kva er kjenneteikn på god kvalitet**
  - o i svangerskapsomsorga
  - o i helsestasjonstenesta
  - o i barnehagen
  - o i skulen
  - o i kulturskulen
  - o på læringscenteret

- **Korleis jobbar vi for å vurdere kvaliteten på tenestene våre**
  - o i svangerskapsomsorga
  - o i helsestasjonstenesta
  - o i barnehagen
  - o i skulen
  - o i kulturskulen
  - o på læringscenteret
  
- **På kva måte får du tilbakemelding på ditt arbeid?**
  
- **På kva måte ønskjer du å få tilbakemelding på kvaliteten på arbeidet ved din arbeidsplass?**
  
- **Korleis kan Kvalitetslosen vere eit nyttig verktøy for deg i ditt arbeid?**

*Det er flott om du kjem med andre tankar/meiningar/spørsmål/kommentarar!*

## Fokusområde 5: IKT

- Infrastruktur, IKT-utstyr og -system som fungerer som ein god støttefunksjon for alle tilsette
  - o Utstyr og kompetanse til å drifte og vedlikehalde IKT-utstyret og -systema
- Utvikle barn og unge sine digitale ferdigheiter
  - o God pedagogisk bruk av IKT i barnehage og skule
  - o Personale med god digitaldidaktisk kompetanse
  - o Godt utstyr og pedagogisk programvare til bruk i barnehage og skule

IKT-området er tosidig. På den eine sida skal alle tilsette i dag bruke IKT i mange samanhengar, både som pedagogisk verktøy mot brukarane sine, men også i det daglege oppfølgings- og dokumentasjonsarbeidet sitt. På den andre sida skal skule og barnehage etter lova utvikle barn og unge sin IKT-kompetanse og digitale ferdigheiter.

Teknologi påverkar miljø og menneske, og er ein del av livet vårt. Teknologi påverkar korleis barn lever, leikar og lærer. I alle delar av samfunnet har informasjons- og kommunikasjonsteknologi ein sentral plass. Dei fleste barn kjem til barnehagen med kunnskap om og erfaringar med IKT. Barn er nysgjerrige, vil gjerne prøve og forstå korleis ting fungerer.

I rammeplanen for barnehagen står det at barna i barnehagen bør *"få oppleve at digitale verktøy kan være en kilde til lek, kommunikasjon og innhenting av kunnskap"*. Barnehagen skal gjenspeile og skape samheng med barnet sine opplevingar i heim og fritid, og følgje opp og vidareutvikle ulike teknologiske erfaringar som barna får heime.

I følgje lov om barnehagar § 2, skal barnehagen gi barn grunnleggande kunnskap på sentrale og aktuelle område, og dessutan:

*«Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.»*

I lys av dette er digitale verktøy aktuelle for barnehagen. Med digitale verktøy kan ein

*«formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap».*

Å gi barn gode utviklings- og aktivitetsmuligheiter inneber å arbeide med og uttrykke seg ved hjelp av digitale verktøy.

Utdanningsdirektoratet har utvikla eit rammeverk for dei fem grunnleggande ferdigheitene som alle læreplanane i Kunnskapsløftet refererer til, og her seier dei følgjande om digitale ferdigheiter:

*«Digitale ferdigheter vil si å kunne bruke digitale verktøy, medium og ressurser hensiktsmessig og forsvarlig for å løse praktiske oppgaver, innhente og behandle informasjon, skape digitale produkter og kommunisere. Digitale ferdigheter innebærer*

*også å utvikle digital dømmekraft gjennom å tilegne seg kunnskap og gode strategier for nettbruk. Digitale ferdigheter er en viktig forutsetning for videre læring og for aktiv deltakelse i et arbeidsliv og et samfunn i stadig endring. Den digitale utviklingen har endret mange av premissene for lesing, skriving, regning og muntlige uttrykksformer. Derfor er digitale ferdigheter en naturlig del av grunnlaget for læringsarbeid både i og på tvers av faglige emner. Dette gir muligheter for nye læringsstrategier, men stiller også økte krav til dømmekraft.»*

For å klare å følge opp rammeverket og forskriftene i høve IKT, ser vi at vi treng eit løft i sektoren, både med omsyn til kompetanse, infrastruktur og utstyr.

***Noko å svare på:***

- **Kva skal til for at ein skal kunne bruke digitale verktøy dagleg i barnehagane i Volda kommune?**
- **Kva skal til for at elevane i Volda kommune skal kunne få høg måloppnåing i digital kompetanse?**
- **Kva skal til på din arbeidsplass for at han skal vere framtidsretta med omsyn til IKT?**
- **Kva skal til for at du skal kunne bruke digitale verktøy på ein formålstenleg måte i kvardagen?**

***Det er flott om du kjem med andre tankar/meiningar/spørsmål/kommentarar!***

Orienteringssak

Orienteringssak

Set saka på helse og omsorg. Ta kopi til driftsstyret som orienteringssak.

Mvh

Rune

---

**Fra:** Jorunn Anne Tomasgard  
**Sendt:** 1. februar 2016 15:31  
**Til:** Svein Berg Rusten; Per Ivar Kongsvik  
**Kopi:** Rune Sjurgard  
**Emne:** Vs: krisesenter 2015

Til informasjon. Aktivitet ved krisesenteret 2015 og økonomiske konsekvensar.

Mvh Jorunn Anne

Sendt fra min Samsung-enhet

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Reidun Trones Vikan <[reidun.vikan@alesund.kommune.no](mailto:reidun.vikan@alesund.kommune.no)>

Dato: 01.02.2016 14:13 (GMT+01:00)

Til: Anne Berit Løset <[anne.berit.loset@stordal.kommune.no](mailto:anne.berit.loset@stordal.kommune.no)>, Arnhild Nordaune <[arnhild.nordaune@vanylven.kommune.no](mailto:arnhild.nordaune@vanylven.kommune.no)>, Berit Aasen <[berit.aasen@hareid.kommune.no](mailto:berit.aasen@hareid.kommune.no)>, Bård Dalen <[bard.dalen@sande-mr.kommune.no](mailto:bard.dalen@sande-mr.kommune.no)>, Camilla Almås <[Camilla.Almas@skodje.kommune.no](mailto:Camilla.Almas@skodje.kommune.no)>, Helge Svensvik <[Helge.Svensvik@norddal.kommune.no](mailto:Helge.Svensvik@norddal.kommune.no)>, Inger Marie Toftagen <[inger.marie.toftagen@heroy.kommune.no](mailto:inger.marie.toftagen@heroy.kommune.no)>, Jorunn Anne Tomasgard <[Jorunn.Tomasgard@volda.kommune.no](mailto:Jorunn.Tomasgard@volda.kommune.no)>, Kjartan Lied <[kjalie@stranda.kommune.no](mailto:kjalie@stranda.kommune.no)>, Kjetil Fylling <[Kjetil.Fylling@sula.kommune.no](mailto:Kjetil.Fylling@sula.kommune.no)>, Knut Åmås <[Knut.Amas@orsta.kommune.no](mailto:Knut.Amas@orsta.kommune.no)>, "Korsnes Kristin M." <[Kristin.Korsnes@haram.kommune.no](mailto:Kristin.Korsnes@haram.kommune.no)>, linda hovland <[linda.hovland@sykkylven.kommune.no](mailto:linda.hovland@sykkylven.kommune.no)>, Liv Stette <[Liv.Stette@alesund.kommune.no](mailto:Liv.Stette@alesund.kommune.no)>, Marit Botnen <[marit.botnen@ulstein.kommune.no](mailto:marit.botnen@ulstein.kommune.no)>, Roald Hildegunn Nesse <[hiro@giske.kommune.no](mailto:hiro@giske.kommune.no)>, Linda Hoff Johansen <[Linda.Hoff.Johansen@orskog.kommune.no](mailto:Linda.Hoff.Johansen@orskog.kommune.no)>  
 Ko: Cecilie Teunissen <[Cecilie.Teunissen@alesund.kommune.no](mailto:Cecilie.Teunissen@alesund.kommune.no)>  
 Emne: krisesenter 2015

### Krisesenteret:

Krisesentret fikk dessverre et merforbruk også for 2015, men likevel en halvering av merforbruket i forhold til 2014. Budsjettet har ikke vært endret siste årene, men det er nå lagt inn en økning fra 2016 som er mer realistisk i forhold til driften, slik at man slipper slike regninger i ettertid. Merforbruket inkluderer en ekstra overføring på 76 000 til krisesenteret for menn pga nødvendig vikarinleie.

Senteret hadde nedgang i antall overnattingsdøgn i forhold til året før, både for kvinner og barn, men det var likevel mange perioder med fullt hus der man også måtte ta i bruk lekerommet til overnatting. Det var også stort belegg i jula som vanligvis er en veldig rolig årstid på krisesenteret. Det er stort behov for nye lokaler til krisesenteret pga inneklimate, men det er under arbeid og en håper på innflytting i 2017.

Vedlagt følger statistikk.

**VH Barn og familie – Krisesentret for kvinner**

	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Antall kvinner		36	46	51	43
Antall kvinner overnattingsdøgn	1382	1149	1036	1015	906
Maks antall døgn pr kvinne					91
Antall barn		45	54	58	38
Antall barn overnattingsdøgn	1575	1379	1401	1274	962
Antall dagbrukere	67	76	125	74	98

Med hilsen

**Reidun Trones Vikan**

virksomhetsleder

Virksomhetsleder for barn og familie

[Reidun.vikan@alesund.kommune.no](mailto:Reidun.vikan@alesund.kommune.no)

7016 4328/90602303



For journalføring på helse og omsorg og kopi som orienteringssak for driftsstyret.

**Fra:** Jorunn Anne Tomasgard  
**Sendt:** 1. februar 2016 15:43  
**Til:** Svein Berg Rusten  
**Kopi:** Per Ivar Kongsvik; Rune Sjurgard  
**Emne:** Vs: Overgrepsmottaket 2015

Til informasjon.  
 Oppsummering 2015. Drifta har gått med mindreforbruk.

Mvh Jorunn Anne

Sendt fra min Samsung-enhet

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Reidun Trones Vikan <[reidun.vikan@alesund.kommune.no](mailto:reidun.vikan@alesund.kommune.no)>  
 Dato: 01.02.2016 12:32 (GMT+01:00)  
 Til: Anne Berit Løset <[anne.berit.loset@stordal.kommune.no](mailto:anne.berit.loset@stordal.kommune.no)>, Arnhild Nordaune <[arnhild.nordaune@vanylven.kommune.no](mailto:arnhild.nordaune@vanylven.kommune.no)>, Berit Aasen <[berit.aasen@hareid.kommune.no](mailto:berit.aasen@hareid.kommune.no)>, Bård Dalen <[bard.dalen@sande-mr.kommune.no](mailto:bard.dalen@sande-mr.kommune.no)>, Camilla Almås <[Camilla.Almas@skodje.kommune.no](mailto:Camilla.Almas@skodje.kommune.no)>, Helge Svensvik <[Helge.Svensvik@norddal.kommune.no](mailto:Helge.Svensvik@norddal.kommune.no)>, Inger Marie Toftthagen <[inger.marie.toftthagen@heroy.kommune.no](mailto:inger.marie.toftthagen@heroy.kommune.no)>, Janette Osland Steinvik <[Janette.Osland.Steinvik@orskog.kommune.no](mailto:Janette.Osland.Steinvik@orskog.kommune.no)>, Jorunn Anne Tomasgard <[Jorunn.Tomasgard@volda.kommune.no](mailto:Jorunn.Tomasgard@volda.kommune.no)>, Kjartan Lied <[kjalie@stranda.kommune.no](mailto:kjalie@stranda.kommune.no)>, Kjetil Fylling <[Kjetil.Fylling@sula.kommune.no](mailto:Kjetil.Fylling@sula.kommune.no)>, Knut Åmås <[Knut.Amas@orsta.kommune.no](mailto:Knut.Amas@orsta.kommune.no)>, "Korsnes Kristin M." <[Kristin.Korsnes@haram.kommune.no](mailto:Kristin.Korsnes@haram.kommune.no)>, linda hovland <[linda.hovland@sykkylven.kommune.no](mailto:linda.hovland@sykkylven.kommune.no)>, Liv Stette <[Liv.Stette@alesund.kommune.no](mailto:Liv.Stette@alesund.kommune.no)>, Marit Botnen <[marit.botnen@ulstein.kommune.no](mailto:marit.botnen@ulstein.kommune.no)>, Roald Hildegunn Nesse <[hiro@giske.kommune.no](mailto:hiro@giske.kommune.no)>  
 Ko: Torfinn Strand Vingen <[Torfinn.Strand.Vingen@alesund.kommune.no](mailto:Torfinn.Strand.Vingen@alesund.kommune.no)>, Judit Molvær <[judit.molver@alesund.kommune.no](mailto:judit.molver@alesund.kommune.no)>, Reidun Trones Vikan <[reidun.vikan@alesund.kommune.no](mailto:reidun.vikan@alesund.kommune.no)>  
 Emne: Overgrepsmottaket 2015

HEI

Sender en kort statusrapport for overgrepsmottaket for 2015:

### Overgrepsmottaket:

Overgrepsmottaket har et mindreforbruk for 2015 på ca kr 160 000. Kommunene vil få tilsendt sin andel av mindreforbruket. Vedlagt følger oversikten over beløp pr kommune.

Statistikken under viser at det var like mange saker i 2014 som i 2015, men at det var færre akutt saker.

Antall Saker	2012	2013	2014	2015
Seksuelle overgrep	30	33	39	33
Vold i nære relasjoner	16	17	40	37

Ikke akutte saker				9
totalt	46	50	79	79

Sakene er fordelt med 36 fra Ålesund og 43 fra samarbeidskommunene og omhandler 75 kvinner og 4 menn. Menn er fortsatt underrepresentert, men ellers er det saker fra de fleste kommunene.

Overgrepsmottaket ble fra 2011 utvidet til også å omfatte vold i nære relasjoner. Fra 1.1.2016 er seksuelle overgrep blitt en spesialisthelsetjeneste, mens vold i nære relasjoner fortsatt er et kommunalt ansvar. Det er inngått avtale med helseforetaket og med samarbeidskommunene om at vi fortsatt skal drive et felles tilbud til personer utsatt for seksuelle overgrep og vold i nære relasjoner. Ålesund kommune skal drive tilbud til personer utsatt for seksuelle overgrep på kontrakt for helseforetaket, og være vertskommune som før for tjenester som gjelder vold i nære relasjoner.

Overgrepsmottaket hadde et sykefravær for 2015 på 3,7.

Kontaktpersoner for overgrepsmottaket fra 2016 er virksomhetsleder Torfinn Strand Vingen, tlf 7016 2329/9701442, [torfinn.strand.vingen@alesund.kommune.no](mailto:torfinn.strand.vingen@alesund.kommune.no) og teamleder Judit Molvær, tlf 7016 3803, [judit.molver@alesund.kommune.no](mailto:judit.molver@alesund.kommune.no)

Med hilsen

**Reidun Trones Vikan**

virksomhetsleder

Virksomhetsleder for barn og familie

[Reidun.vikan@alesund.kommune.no](mailto:Reidun.vikan@alesund.kommune.no)

7016 4328/90602303



## KREDITERINGER 2015 OBS

Virksomhet: Overgrepsmottaket

### Fordeling av overskudd 2015

Følgende faktura(er) skal krediteres:

Varenr.:	Reskontrnr (8 siffer)	Navn:	Beløp:	For Regnskapsavd.		
Vare for til gode beløp	10000383	Haram kommune	10901,00			
Vare for til gode beløp	10001128	Giske kommune	8002,00			
Vare for til gode beløp	10000387	Ørskog kommune	3144,00			
Vare for til gode beløp	10001341	Sykkylven kommune	10041,00			
Vare for til gode beløp	10000392	Sula kommune	8682,00			
Vare for til gode beløp	10000391	Ulstein kommune	8588,00			
Vare for til gode beløp	10001364	Vanylven kommune	4833,00			
Varer for til gode beløp	10001380	Hareid kommune	6494,00			

Faktureres på nytt:

(Gjelder kun faste oppdrag)

Fakturanr.:		Varenr.:	Beløp:

Årsak til kreditering:

Årskostnaden for overgrepsmottaket for 2015 ble noe lavere enn budsjettet.

Kontering 1750 19346 290 5000

**Ålesund kommune sin andel av overskuddet er kr 47 625**

Ålesund, \_\_25.01.2016

Attestert:

\_\_\_\_\_

Anvist:

\_\_\_\_\_



## KREDITERINGER 2015 OBS

Virksomhet: Overgrepsmottaket

### Fordeling av overskudd 2015

Følgende faktura(er) skal krediteres:

varenr	Reskontronr.: (8 siffer)	Navn:	Beløp:	For Regnskapsavd.		
Vare for til gode beløp	10002834	Stranda kommune	6167,00			
Vare for til gode beløp	10001128	Stordal kommune	1595,00			
Vare for til gode beløp	10000463	Skodje kommune	4838,00			
Vare for til gode beløp	10001351	Norrdal kommune	2739,00			
Vare for til gode beløp	10002173	Volda kommune	10082,00			
Vare for til gode beløp	10006000	Sande kommune	3565,00			
Vare for til gode beløp	10002171	Herøy kommune	10671,00			
Vare for til gode beløp	10002174	Ørsta kommune	12172,00			

Faktureres på nytt:

(Gjelder kun faste oppdrag)

Fakturanr.:		Varenr.:	Beløp:

Årsak til kreditering:

Forbruket på overgrepsmottaket noe lavere enn forventet.

Kontering 1750 19346 290 5000

Ålesund, 25.1.16

Attestert:

\_\_\_\_\_

Anvist:

\_\_\_\_\_